



Rylandsvassdraget



Symbola seier kor krevjande turane er. Svarte symbol på kvit bakgrunn er generelle og ikke graderte. Velg tur etter evne / The symbols indicate how arduous the trails might be. Black symbols on a white background are general and not graded. Select the trip according to ability.



Ver merksam på at all ferdsl er på eige ansvar.

All passage is at your own risk.

110 BRANN / FIREBRIGADE

112 POLITI / POLICE

113 LEGE / AMBULANCE

Du må gjøre rein kano og kajakk før du set han på vatnet – hugs smittefare!

Dersom du vil fiske må du først ta kontakt med Midtre Holsnøy Grunneigarlag.

Vis omsyn til lokaltrafikk når du kjem med bil og eventuelt hengar.

Please clean your canoe thoroughly to avoid contamination of the waterway system!

For fishing rights, please contact Midtre Holsnøy Grunneigarlag.

Please show consideration to local traffic and parking regulations.



Utsikt frå Eldsfjellet med Storavatnet til venstre i biletet / the view from Eldsfjellet - the Storavatnet lake can be seen to the left.

PADLING PÅ RYLANDSVASSDRAGET

Det er fantastiske padleforhold både med kajakk og kano på Rylandsvatnet, Bjørndalsvatnet og Storavatnet, som saman utgjer kjernen i Rylandsvassdraget. Her får du verkeleg kjensla av å vere langt vekke frå alskens kjas og mas, med flott skog og rikt dyreliv.

Friområdet ved Hestdal er eit godt utgangspunkt i aust, og ved Rossland skule er det fint å setje ut kajakk og kano dersom ein vil dra frå vest. Mellom Rylandsvatnet og Bjørndalsvatnet er det eit kort eid der ein må bere kanoen (Nedra Skjevlo), mellom Bjørndalsvatnet og Storavatnet er det ein kort kanal (Øvra Skjevlo). Det er gode forhold for å raste og overnatte på øylene i Storavatnet, men vis omsyn og ta med deg søppel.

FLORA

Kystfuruskog dominerer i området, men ein kan også finne godt med bjørk og rogn. På Skintveitfjellet finn du flott edellauvskog i form av eik og hassel, og på Gripakletten aust for Storavatnet er det høgt prioritert fattig boreonemoral regnskog. Døme på blomar, som er karakteristiske for denne type område og landsdel, er kystmyrklegg, heiblåfjør og ikkje minst orkideane flekkmariahand og den meir sjeldne knerota.

FAUNA

Det er fire fiskeartar i vassdraget: aure, røye, ål og stingsild. Desse er alle vanlege artar i vestlandske vassdrag, der aure og røye har vore ein viktig matressurs for gardane i området. Det er sannsynleg at det tidlegare var ein sjøaurestamme i vassdraget før dei ulike reguleringane fann stad. Vandrefalken jaktar her og du kan ofte sjå havørn, siland og strandsnipe. Hjorten trivst godt i området saman med raudrev, mår, røyskatt og piggsvin.

CANOEING ON THE RYLAND WATERWAY SYSTEM

The three lakes constituting the central area of the drainage basin for the Ryland waterway system makes for excellent canoeing and gives a lasting feeling of remoteness and tranquility. The main starting points are from Hestdal in the east, and from the school at Rossland in the west. There is a short portage between the Rylandsvatnet lake and the Bjørndalsvatnet lake, where you will have to carry your canoe. The islands in the Storavatnet lake are ideal for wild camping and picnics, however please show consideration and leave no trace.

FLORA

The forest is temperate and mixed and includes pine, birch, rowan, oak and hazel. Flowers like lousewort and milkwort are common in the area as well as the heath spotted orchid and the rarely seen creeping lady's-tresses.

FAUNA

There are four species of fish in the waterway system: brown trout, arctic char, eel and stickleback, all of which are common to similar waterways in Western Norway and have been important resources for people living in the area through history. There are several predatory birds in the area like the peregrine falcon and the sea eagle. The red deer thrives in the forested areas around the lakes together with the red fox, pine marten, stoat and hedgehog.



ALLEMANSRETEN GIR DEG RETT TIL:

Ferdsl til foto i utmark.
Ferdsl på vassdrag, vatn og tjern.
Sette opp telt i utmark i opp til to dagar i 150 meters avstand frå hus med folk.
Bading i rimeleg avstand frå hus med folk.
Hauste bær, sopp og blomar som ikkje er omfatta av freding.

VI HAR ÒG PLIKTER NÅR VI FERDAST I NATUREN:

Ein må generelt oppdre varsamt og ikkje valde skade eller umepte for naturen, miljøet eller eigara. Derfor må du ta med ut at du tek inn i området og ta omsyn båda til utmarksnaering og andre brukarar av utmarka. Du må heller ikkje forstryre dyr og fuglar og vise omsyn i jaktida. Du kan ikkje ferdast på dyrka mark.

BÅLREGLER OG BANDTVANG:

Det er ikkje lov å gjøre opp eld i perioden 15.april til 15.september.
Bandtvang gjeld heile året.
Vis omsyn, bruk hundepose.

LAT ATT GRINDA

THE PUBLIC RIGHT OF ACCESS ENTITLES YOU TO:
Walk and hike through uncultivated land.
Bathe and swim in lakes in a reasonable distance from a house or cottage.
Non-motorised travel on rivers, lakes and ponds.
Camp on uncultivated land for two days, more than 150 meters away from a house or cottage.

RESPONSIBILITIES
Take care not to disturb wildlife or harm the countryside. Leave no trace – take nothing but pictures, leave nothing but footprints. You are not entitled to roam on tilled land, meadows, gardens, house plots or farmyards.

Use of open fire is illegal between the 15th of April and the 15th of September.

Dogs must be kept on a leash at all times.
Please show consideration - use dog litter bags.

LEAVE ALL GATES CLOSED



Innhald og utforming:
Tenesteområde kultur og Alexander Helle
Bilder: Eirik Utne og Ane Bysheim
Vedlikehald: Meland Kommune

GjensidigeStiftelsen



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

